

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

76

Fylke:

Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Hattfjelldal

Emne:

Den "Kloke"

Bygdelag:

Oppskr. av:

Martin Bakken

Gard:

(adresse):

Hattfjelldal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det har nok vore nytta heimenrader mot ymse slags sjukdom her i bygda fyr i tida, som t. d. "grovblad" til å løkja sår "sketrot" som botemiddel mot "skjesta" eller låust liv. "jeitklauv" (bukkelblad te) som magemedisin og "hesthov" til å røykja mot astma å. s. v. Det kunde ofte fyr i tida, at det reiste framande kvaksalvarar eller mirakeldokorar gjennom bygda og best kurerar sjuke folk og dyr. For vel kjendia er sidan buddet det to Sunskar her i bygda. Den eine Gustav Skarbo skulle ha vore flink til å kurerar og skella med dyr. Den andre var ein dei kalla Ludevik, kurerar folk med ymse rader. Han skulle mellom anna vera ein klyppar til å "årlata" eller tappa

2

blod av folk som trøng slik
behandling. Fyrst i mitt minne
hude det ei kone her på
ein av grunngardane, som vart
heldt som ei halvvegs trolltjerring.
Ho kutte "Johann" og laude
på Brivik. Ho kunne "blodstemming"
med di ho las blodstemmerordi
i ein duk og sende til slike
som heldt på å blå seg ihel.
Tok so det at blöding stogga
i alle tilfelle. Eiers var her
ei meng som droiv med "~~kappeng~~
"kapping" dei pirka då små
hol i huden og sette ein
studd av eit horn over, slik
at det vart soge ut litt
blod. Det var no helst slike
som var illa pläga av gikt
som tok slik behandling.
Det var nok og dei som kunne
setja fast tjüven. Dersom
nokon stal ifrå di, kjende
di det på seg, og di las då
nokre trylleord som sette
fast tjüven, slik at han
vart ståande eller sittande
fast og halda på det han
hadde stole, til vedkomande
kom og löyste han.